

Stort utval i teikneseriar og julehefte på SPAR.

23.12.2017



Vangsgutane er eitt av mange tradisjonelle teikneserieblad til jul. I år er Vangsgutane nyskrive og nyteikna av Nils Nordberg og Ivan Andreassen.

På SPAR Uskedalen finn vi eit rikt utval i teikneseriar og julehefte. Tradisjonelle julehefte held seg godt og mange av årgangane til Fonna Forlag vert prenta på nytt. Femte året på rad kjem til dømes Vangsgutane ut i bokform der ein samlar tidlegare utgåver. Tektsforfattar Leif Halse og teiknaren Jens R. Nilssen står bak dei eldre årgangane.

I tilegg til boka om Vangsgutane kjem det sjølvsagt ut eige heftet i 2017. Bladet er nyskrive og nyteikna av Nils Nordberg og Ivan Andreassen. Innleiinga er skriven av Per Egil Hegge.

I bladhylla på SPAR finn vi om lag 30 ulike blad og hefte. Klassikarane er Knoll og Tott, Smørbukk, Nr. 91 Stomperud og Flåklypa. I tilegg finn vi Pondus, Finnbeck og Fia, Bustenskjold, Billy, Donald, Pusur og mange fleire.

Teikneseriane og barneblad held seg godt som eigen gjenre i litteraturen. Norsk Barneblad er eitt av dei eldste barneblada i verda, like frå 1887 Det er same forlaget som er utgjevar av julehefta Juletre og Smørbukk.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Blad og teikneseriehylla på SPAR tel om lag 30 ulike titlar.